



Sivilingeniør Atle Sundal  
Kanalveien 64  
5068 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1879 - 17/20213

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
04.07.2017

## Førebels svar - trong for tilleggskommunikasjon gbnr 23/8 Svindal

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 13.06.17.

### Planstatus

Eigedomen ligg uregulert i område avsett til LNF-føremål i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023.

I tillegg til søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 byggeforbodet langs sjø, krev tiltaket søknad om dispensasjon frå kap. 5 i gjeldande kommuneplan, LNF-føremålet.

### Nabovarsel

Heimelshvar av gbnr. 23/3 og 6 har signert på motteke nabovarsel 01.06.17, samtykke på nabovarsel er ikkje fråskrivning av rett til å komme med merknadar på motteke nabovarsel. Vi ber om attendemelding på om det ligg føre merknadar til omsøkt tiltak.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023.
2. Søknad signert av heimelshavar, evt. signert fullmakt til ansvarleg søkjar for å forestå søknad.
3. Attendemelding på om det ligg føre merknad frå gbnr. 23/3 og 6.

Søknad om dispensasjon vert sendt på høyring så snart den er supplert med søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet.

Kommunen ber om at tilleggskommunikasjon vert sendt inn samla innan 31.08.17. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin



mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Marit B. Hauge Rosland	Dreggsalmenningen 12	5003	BERGEN
Marit Brit Hauge Rosland	Dreggsallmenningen 12	5003	BERGEN
Sivilingeniør Atle Sundal	Kanalveien 64	5068	BERGEN

### **Mottakarar:**

Sivilingeniør Atle Sundal	Kanalveien 64	5068	BERGEN
---------------------------	---------------	------	--------